

Møtebok frå landsmøtet i Noregs Mållag

19.–21. april 2024



SAK 1 Opning og konstituering

Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

Verdal juniorspelemannslag opna med eit musikalsk innslag.

Peder Lofnes Hauge opna så formelt landsmøtet klokka 12.10, og møtelyden song Mellom bakkar og berg.

1.1 Godkjenning av innkalling

Desse hadde ordet:

Peder Lofnes Hauge

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkallinga.

Vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkallinga.

1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegnene

FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER:

§ 1

Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2

Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skrivarstova og to utsendingar. Representanten frå styret/skrivarstova kallar nemnda saman. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferda av den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemer for fråsegner på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til fråsegner.
- 2) Forma framlegg til fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd på fem medlemer for sak om personalressursar og økonomisaker.

F Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan også gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren støgga etter 10 minuttar, og skal støgga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram skriftleg. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparens hans fører talelista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinneleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved vanleg fleirtal, med mindre anna går fram av vedtekten.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskap skal det røystast på ny. Ved røystelikskap for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjera ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatar til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd vanleg fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føreseggnene.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.

Vedtak:

Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.

1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet

Styret innstiller overfor landsmøtet å velja desse tillitsomboda:

- 1 fire til seks ordstyrarar
- 2 seks møteskrivarar
- 3 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner
- 4 fem medlemer til redaksjonsnemnd for personalressursar og økonomisaker
- 5 tre medlemer til fullmaktsnemnd
- 6 seks røysteteljarar

Framlegg til vedtak frå styret:

Ordstyrarar - 6 stk

Fredrik Hope (Bondeungdomslaget i Oslo)
Birgitta Lim Ersland (Oslo Mållag)
Åsmund Ormset (Tingvoll Mållag)
Gunnhild Skjold (Tromsø Mållag)
Signhild Stave Samuelsen (Jæren Mållag)
Vidar Lund (Trønderlaget)

Redaksjonsnemnd for fråsegner - 5 stk

Synnøve Marie Sætre, leiar (styret)
Audun Skjervøy (Indre Storfjord Mållag)
Live Havro Bjørnstad (Bergen Mållag)
Åsmund Kvifte (Sogn og Fjordane Mållag)
Sebastian Vinsent Natvik (Norsk Målungdom)

Redaksjonsnemnd for personalressursar / økonomisaker - 5 stk

Espen Tørset, leiar (styret)
Ane Landøy (Hordaland Mållag)
Atle Brandsar (Rogaland Mållag)
Helen Johannessen (Austmannalaget)
Rasmus Tennø Loe (Norsk Målungdom)

Fullmaktsnemnd - 3 stk

Erlend Bakke (Hordaland Mållag)
Marie Morken (Hordaland Mållag)
Per Ivar Vaagland (Bærum Mållag)

Møteskrivarar - 6 stk

Sahra Torsvik (stab)
Ingar Arnøy (stab)
Vegard T. Foseide (Fylkesmållaget Vikværingen)
Karen Mjør (Oslo Mållag)
Oddny Flugekvam (Ørsta Mållag)

Øystein Skjæveland (Hordaland Mållag)

Røysteteljarar - 6 stk

Elsa Bjørlykke (Vefsn Mållag)

Arvid Ellingsen (Mållaget i LO-administrasjonen)

Øystein Omar Aas (Troms og Finnmark Mållag)

Gro Morken Endresen (stab)

Ragnhild Lier (Østfold Mållag)

Magnar Lervik (Sunndal Mållag)

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel nemnder og ombod på landsmøtet i tråd med det utdelte framleggget frå styret.

Vedtak:

Landsmøtet vel nemnder og ombod på landsmøtet i tråd med framleggget frå styret.

1.4 Fastsetjing av sakliste

Framleggget frå styret står på side 5 og 6 i dette heftet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet med eit byte av rekjkjefølgja sundag, slik at vedtak i sak 6 blir flytt til etter vedtak i sak 8 og 10.

Vedtak:

Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet, med endringa i vedtaksrekjkjefølgja som styret føreslår.

1.5 Fastsetjing av tidsfristar

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast 2 månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lovene. Om det kjem framlegg etter fristen, må dei godkjennast med vanleg fleirtal av landsmøtet dersom dei skal realitetshandsamast.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Frist for å levera heilt nye fråsegner som landsmøtet må røysta over om skal realitetshandsamast: fredag 14.00.

Frist for endringsframlegg til fråsegner, personalressursar og økonomisaker: laurdag klokka 17.00

Vedtak:

Frist for å levera heilt nye fråsegner som landsmøtet må røysta over om skal realitetshandsamast: fredag 14.00.

Frist for endringsframlegg til fråsegner, personalressursar og økonomisaker: laurdag klokka 17.00.

Styret gjorde også framlegg om at Gunnhild Skjold og Monika Haanes Waagan får tale- og framleggsrett på møtet, fordi valnemnda har innstilt dei til styret i Noregs Mållag for komande periode.

Vedtak:

Gunnhild Skjold og Monika Haanes Waagan får tale- og framleggsrett på møtet.

Utdeling av Nynorsk litteraturpris til Edvard Hoem, ved Peder Lofnes Hauge.

Utdeling av Nynorsk barnelitteraturpris til Maria Parr og illustratør Åshild Irgens, ved Peder Lofnes Hauge.

SAK 2 Leiartalen

Innleiing ved leiar Peder Lofnes Hauge

SAK 3 Ungdomens tale

Innleiing ved Tobias Christensen Eikeland, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag.

Desse hadde ordet i felles ordskifte etter talane:

- | | |
|-----|------------------------------|
| 80 | Knut O. Dale |
| 111 | Jostein Mo |
| 50 | Rønnaug Torvik |
| 33 | Kristofer Olai Ravn Stavseng |
| 89 | Live Havro Bjørnstad |
| 62 | Magne Wiggo Høyland |
| 29 | Kjartan Helleve |
| 92 | Astrid Olsen |
| 142 | Henrik Elman |
| 151 | Ingrid Handeland |
| 117 | Siri Kiviranta |
| 2 | Synnøve Marie Sætre |
| 46 | Astrid Myhre |
| 113 | Sæmund Helde |
| 59 | Einar Schibevaag |
| 137 | Øystein Lydik Idsø Viken |
| 133 | Jørgen G. Bosoni |

Godkjenning av fullmakter:

Marie Morken, leiar i fullmaktsnemnda, la fram innstillinga frå nemnda.

Dagrun Oppheimsjordet frå Studentmållaget i Nidaros er komen til på deltakarlista og får delegatnr. 170. Fire delegatar møter ikkje, og det totale talet på delegatar er no 166. Alle desse fyller vilkåra for å få fulle rettar på landsmøtet.

Fire observatørar fyller også vilkåra for å vera observartør, og nemnda innstiller på at dei får talerett på landsmøtet.

Vedtak:

Landsmøtet gjev utsendingar og observatørar rettar i tråd med framlegget frå fullmaktsnemnda.

Helsingar

Ordføraren i Trondheim, Kent Ranum, helsa landsmøtet.

SAK 4 Årsmelding 2022–2024

15.49 - Styremedlem Kjetil Aasen la fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.

Desse hadde ordet:

- 111 Jostein O. Mo
- 205 Gunnhild Skjold
- 62 Magne Wiggo Høyland
- 80 Knut O. Dale
- 21 Jon Låte
- 124 Eivind Hasle
- 140 Magne Heide
- 155 Øyvind Rongevær
- 69 Einar Vårvik
- 203 Monika Haanes Waagan
- 44 Svein Kostveit
- 72 Erlend Bakke
- 89 Live Havro Bjørnstad
- 81 Harald Jordal
- 75 Ane Landøy
- 1 Peder Lofsnes Hauge
- 5 Kjetil Aasen

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årsmelding for 2022–2024 vert godkjend.

Vedtak:

Årsmelding for 2022–2024 vert godkjend.

SAK 5 Rekneskapar for 2022 og 2023

Dagleg leiar Gro Morken Endresen la fram rekneskapane.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.

Vedtak:

Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.

SAK 6 Fråsegner

Det låg føre seks fråsegner då saksheftet gjekk i trykken.

- 1 **Oppfølging av opplæringslova** (fremja av styret)
- 2 **Ja til digitalt språkleg likestilling** (fremja av styret)
- 3 **Lærarutdanningane må ta språkansvar** (fremja av styret)
- 4 **Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål må inn i Grunnlova** (fremja av styret)
- 5 **Nynorsk for vaksne innvandrarar i nynorskkommunar** (fremja av styret)
- 6 **Hovudmålsreglane i opplæringslova treng snarleg opprydding** (fremja av styret)

Desse fråseggnene var leverte etter fristen:

- 7 **Snakk meir nynorsk, NRK!**
- 8 **Helseplattforma på nynorsk**
- 9 **Israel-Palestina**
- 10 **Om opplæringslova**

Synnøve Marie Sætre la fram nemndsinnstillinga. Nemnda innstiller på å sende framlegg 7 og framlegg 10 over til styret. Nemnda innstiller på å realitetshandsame framlegg 8 og å avvise framlegg 9.

Vedtak:

Framlegg 7 vart sendt til styret mot 7 røyster, framlegg 8 blir realitetshandsama i landsmøtet, framlegg 9 blir avvist og framlegg 10 blir sendt til styret.

Desse hadde ordet til fråsegn nr. 1:

Synnøve Marie Sætre

Fredrik Hope

Monika Haanes Waagan

Siri Kiviranta

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	1-1
Fremja av	Jon Samuel Håbrekke frå Fosna Mållag
Line	20
Framlegg	Eg gjer framlegg om at dei to orda bokmål og nynorsk byter plass til: nynorsk og bokmål
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	1-2
Fremja av	Fredrik Hope frå BUL i Oslo og Monika Haanes Waagan frå Herøy Mållag
Line	21
Framlegg	Nytt avsnitt på line 21: Det må òg gjerast ei utgreiing av digitale læringsressursar for læringar. I dag tilsavarar slike ressursar i stor grad lærebøkene på mange lærefag, og mange av desse kurspakkane er utvikla av Norsk Industri. Opplæringskontor i nynorskområda Haram og Nordfjord opplyser at hovudregelen er at desse berre finst på bokmål. Nynorskbrukande yrkesfagelever og læringar skal ha like god språkopplæring som bokmålsbrukarane.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	1-3 A
Fremja av	Siri Kiviranta frå Romsdal mållag, Sebastian Natvik, Synne Solberg, Maren Braut, Rasmus Tennø Loe, Stina Strøm frå Norsk Målungdom og Tobias Eikeland frå styret
Line	Nytt avsnitt eller innarbeidd i avsnitt 4.



Framlegg	Det er også avgjerande at nynorskelevane si stemme vert høyrd. Det er nynorskelevane som kan seie noko om korleis dei opplever ein skulekvardag med læringsressursar på bokmål. Kunnskapen frå nynorskelevane må vere tydeleg i rapporten. Nynorskelevane si stemme og deira beste må bli vurdert og tillagt vekt i avgjerd, slik at nynorskelevane får oppfylt retten til opplæring på eige språk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for 1-3 B

Fell til fordel for 1-3 B.

Nr.	1-3 B
Fremja av	Nemnda
Line	18
Framlegg	Det er nynorskelevane som kan seie noko om korleis dei opplever ein skulekvardag med læringsressursar på bokmål. Nynorskelevane si stemme må bli hørt og deira beste må bli tillagt vekt i avgjerd, slik at nynorskelevane får oppfylt retten til opplæring på eige språk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Vedtak på heilskapen: Fråsegnen er samråystes vedteken.

Dese hadde ordet til fråsegn nr. 2:

Synnøve Marie Sætre
Sæmund Helde

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	2-1
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	35
Framlegg	endra: «Nynorsk og bokmål er likestilte skriftspråk i det norske samfunnet, og må også ha like vilkår i » til «Nynorsk og bokmål er likestilte språk i det norske samfunnet, og må også

	ha like vilkår i»
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	2-2
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	41-42
Framlegg	endra: «Tilfanget av nynorsk, som det minst brukte av dei to norske språka, er därlegare enn for bokmål.» til «Tilfanget av nynorsk, som det minst brukte av dei to offisielle hovudspråka i Noreg, er därlegare enn for bokmål.»
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 2 røyster.

Nr.	2-3
Fremja av	Tobias Christensen Eikeland (styret), Endre Gujord (Katten Målungdom), Daniel Tobias Johansen Langhoff (Studentmållaget i Tromsø), Dagrun Opheimsjorde (Studentmållaget i Nidaros), Synne Solberg (Norsk Målungdom), Rasmus Tennø Loe (Norsk Målungdom), Maren Braut (Norsk Målungdom)
Line	49
Framlegg	Nytt avsnitt: "Kunstig intelligens og språkmodellar kjem til å påverke den språklege kvardagen vår, og me har me fått ny teknologi på bokmål og nynorsk samstundes. Gjeremålslista må innehalde punkt for korleis KI og språkmodellar kan bli nytta for å styrke nynorsken. Det må vera eit mål at språkmodellar som blir utvikla for skulen, følgjer offisiell rettskriving."
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	2-4
-----	-----

Fremja av	Erlend Bakke frå Hordaland Mållag
Line	52
Framlegg	"SET INN kan I STADEN FOR bør.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Nr.	2-5
Fremja av	Sæmund Helde frå Herøy Mållag
Line	
Framlegg	Tilleggsframlegg: Lydutgåver (lydbøker) på nynorsk må koma til same tid som skulebøkene.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 7 røyster.

Vedtak på heilskapen: Fråsegna er samrøystes vedteken.

Desse hadde ordet til fråsegn nr. 3:

Synnøve Marie Sætre
Karsten Johannsen
Astrid Olsen
Replikk - Jakob Bjerkem
Sebastian Natvik
Rasmus Tennøe Loe
Anne Lise Grøm
Fredrik Hope
Christoph Franzen Rekdal
Dagrun Opheimsjorde
Synnøve Marie Sætre

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	3-1
Fremja av	Sebastian Vinsent Natvik
Line	79
Framlegg	Leggje til kulepunkt, eller flette inn i kulepunkt 2 "Universitets- og høgskolerådet som rådgjevande organ lyt stilla krav til nynorskkompetanse i dei nasjonale retningslinjene til lærerutdanningane"
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøyistes vedteken.

Nr.	3-2
Fremja av	Dagrun Opheimsjorde frå Studentmållaget i Nidaros
Line	76
Framlegg	Fjerne punktet som står på line 76.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 2 røyster.

Nr.	3-3
Fremja av	Rasmus Tennø Loe, Tobias Eikeland, Synne Solberg, Stina Strøm, Sebastian Natvik og Maren Braut frå Norsk Målungdom
Line	77
Framlegg	Leggje til kulepunkt "Reglane for fritak frå sidemål i lærerutdanningene må strammast inn."
Nemdsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøyistes vedteken.

Nr.	3-4
Fremja av	Rasmus Tennø Loe, Tobias Eikeland, Synne Solberg, Stina Strøm, Sebastian Natvik og Maren Braut frå Norsk Målungdom
Line	79
Framlegg	Leggje til kulepunkt: "Nasjonal deleksamen i norsk må innførast i lektorutdanningane."
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Nr.	3-5
Fremja av	Dagrun Opheimsjorde frå Studentmållaget i Nidaros
Line	81
Framlegg	Det skal stå "norsklærarstudentane" i staden for berre "lærarstudentane"
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 1 røyst.

Nr.	3-6
Fremja av	Anne Lise Grøm frå Øygarden mållag
Line	81
Framlegg	Ny formulering: Nynorskdidaktikk må vere ein del av lærarstudentane og førskulestudentane si utdanning.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 3 røyster.

Nr.	3-7
-----	-----

Fremja av	Anne Lise Grøm frå Øygarden mållag
Line	82
Framlegg	Utdanningsinstitusjonane, inkludert førskuleutdanninga må synleggjere nynorsk på studiestadene.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 4 røyster.

Nr.	3-8 A
Fremja av	Rasmus Tennø Loe, Tobias Eikeland, Synne Solberg, Stina Strøm, Sebastian Natvik og Maren Braut frå Norsk Målungdom
Line	82
Framlegg	Leggje til kulepunkt: "Etterutdanning i nynorsk didaktikk må opprettast."
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for 3-8 B

Fell til fordel for 3-8 B.

Nr.	3-8 B
Fremja av	Nemnda
Line	82
Framlegg	Leggje til kulepunkt: "Det må kome fleire tilbod om etterutdanning i nynorskdidaktikk"
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Nr.	3-9 A
Fremja av	Fredrik Hope frå Bondeungdomslaget i Oslo

Line	83
Framlegg	Legg til kulepunktet: studentsamskipnadane må underleggjast språklova, og bruke meir nynorsk
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 16 røyster.

Nr.	3-9 B
Fremja av	Fredrik Hope frå Bondeungdomslaget i Oslo
Line	83
Framlegg	Legg til nytt kulepunktet, alternativt framlegg: Studentsamskipnadane må bruke meir nynorsk, til dømes ved at dei skal fylgje språklova
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 26 røyster.

Vedtak på heilskapen: Fråsegnen er samrøystes vedteken.

Desse hadde ordet til fråsegn nr. 4:

Synnøve Marie Sætre
 Ingrid Handeland
 Fredrik Hope
 Karsten Johannsen
 Jørgen G. Bosoni
 Kjetil Aasen
 Erlend Bakke
 Replikk - Jørgen G. Bosoni
 Kjetil Aasen
 Åsmund Kvifte

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	4-0
Fremja av	Fredrik Hope, Bondeungdomslaget i Oslo
Line	Fråsegn 4, line 84
Framlegg	Stryk "Jamstillinga mellom", slik at overskrifta vert: Nynorsk og bokmål må inn i Grunnlova
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 1 røyst.

Nr.	4-1
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	86-87
Framlegg	86-87: endra til: «210 år etter at Noreg fekk si eiga grunnlov er det framleis ikkje grunnlovsfesta at nynorsk og bokmål skal vere dei samfunnsberande språka i Noreg. Dette er det på tide å gjere noko med.»
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 2 røyster.

Nr.	4-2
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	89-90
Framlegg	89-90: endra til: «For Noregs Mållag er det viktig at jamstillinga mellom nynorsk og bokmål blir sikra i Noregs viktigaste lov Grunnlova.»
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er vedteken. mot 1 røyst.

Nr.	4-3
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	91-92

Framlegg	91-92: endra til: «I ei globalisert verdi treng nynorsk og bokmål eit sterkare vern enn tidlegare.»
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 3 røyster.

Nr.	4-4 A
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	96-98
Framlegg	96-98: endra til: «Ei grunnlovsfestig av statusen til dei to offisielle hovudspråka i Noreg vil vere ei modernisering av Grunnlova.»
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for 4-4 B

Fell til fordel for 4-4 B.

Nr.	4-4 B
Fremja av	Nemnda
Line	97
Framlegg	Endre fyrste del av setninga: «Ei grunnlovsfestig av statusen til norsk språk, ...»
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Nr.	4-5
Fremja av	Fredrik Hope frå Bondeungdomslaget i Oslo
Line	103-104
Framlegg	Endre siste leddsetning frå «, seinare kjent som nynorsk og bokmål» til «, det som seinare vart nynorsk og bokmål.»
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Nr.	4-6
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	111-112
Framlegg	111-112: endra «...må få ei føresegns som seier nok om statusen til norsk språk, medrekna jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, om å vere med...» til: «...må få ei føresegns som slær fast at nynorsk og bokmål er jamstilte offisielle hovudspråk i Noreg, om å vere med...»
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 2 røyster.

Nr.	4-7
Fremja av	Erlend Bakke frå Hordaland Mållag
Line	
Framlegg	NEMNDA MÅ SJÅ TIL AT OMGREPA OG ORDBRUKEN I FRÅSEGNSTEKSTEN STÅR I SAMANHENG MED § 4 I SPRÅKLOVA, SJÅ https://lovdata.no/lov/2021-05-21-42/§4
Nemndsinnstilling	Ikkje realitetshandsama

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Vedtak på heilskapen: Fråsegna er samrøystes vedteken.

Desse hadde ordet til fråsegn nr. 5:

Synnøve Marie Sætre
Heidi Mundal
Cecilie Solar
Christoph Franzen Rekdal
Jørgen G. Bosoni
Replikk - Karsten Johannsen
Magne Wiggo Høyland

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	5-1
Fremja av	Christoph Franzen Rekdal frå Oslo Mållag
Line	116
Framlegg	"Endre overskrifta til: "Nynorske læremiddel for vaksne innvandrarar""
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Nr.	5-2
Fremja av	Jørgen G. Bosoni frå Nidaros Mållag
Line	119
Framlegg	line 119: gong -> gongen; løyvd -> løyvt (Noregs Mållag må medverka til å halda oppe den undantakslause regelen frå Aasen at supinum av linne verb alltid skal enda på -t.)
Nemndsinnstilling	Redaksjonell endring

Ikkje røysta over. Skrivarstova tek stilling til dette.

Vedtak på heilskapen: Fråsegna er samrøystes vedteken.

Desse hadde ordet til fråsegn nr. 6:

Synnøve Marie Sætre

Knut O. Dale

Nora Tangen Aarskog

Astrid Myhre

Live Havro Bjørnstad

Synnøve Marie Sætre

Karsten Johannsen

Replikk - Astrid Myhre

Kjetil Aasen

Replikk - Fredrik Hope

Magne Aasbrenn

Replikk - Sebastian Natvik

Harald Jordal

Replikk - Kjetil Aasen

Replikk - Sebastian Natvik

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	6-1
Fremja av	Gudrun Refstrup frå Hustadvika Mållag
Line	
Framlegg	Føreslår at fråsegnet sendes tilbake til styret for avkorting og klargjøring / tydeliggjøring av ønsker for endring mht skolenes og elevens / foreldrenes rettigheter og plikter mht nynorsk.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	6-2
Fremja av	Kjetil Aasen frå styret
Line	153
Framlegg	Ny setning sist i avsnittet: Noregs Mållag legg til grunn at eigne nynorskklasser uansett skal kunna få undervisning på nynorsk uavhengig av det vedtekne hovudmålet for skulen.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	6-3
Fremja av	Kjetil Aasen frå styret
Line	178

Framlegg	"Tillegg til setninga som går frå linje 177 til 178: ..., og opplæringslova må ikkje stå i vegen for dette."
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	6-4
Fremja av	Knut O. Dale, Harald Jordal og Sigrid E. Lerbak frå Odda Mållag
Line	
Framlegg	Framlegg til endring. Ungdomsskulen går ut av fråsegna. Grunngjeting: Retten til språkdeling er på ungdomsseget er sikra gjennom Oddamodellen. No må ungdomsskulen få vera i fred, og vi må la den nye lova få setja seg.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Vedtak på heilskapen: Fråsegna er samråystes vedteken.

Desse hadde ordet til fråsegn nr. 7 (fråsegn 8 i den opphavlege nummereringa):

Jørund Fet
 Kristofer Olai Ravn Stavseng
 Øygunn Leite Kallevik
 Berit Rekve
 Replikk - Fredrik Hope
 Replikk - Inger Johanne Sæterbakk
 Replikk - Berit Rekve
 Erlend Bakke
 Eli Kristin Johansen

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	7-1
Fremja av	Medisinsk Mållag

Line	Alle
Framlegg	<p>Helse Midt-Noreg er i ferd med å innføre Helseplattforma. Innføringa har vekt sterkt og langvarig motstand der den allereie er innført. Løysinga innhold store mengder feil som går hardt ut over pasienttryggleiken. Den er lite brukarvenleg og forseinkar tilsette i arbeidet. Dårlige omgrep omsette frå amerikansk. Innhold i automatisert tekst (smart tekst) midt i eit dokument, som berre finst på bokmål, er noko som forsterkar problemet. Her erfarer vi også at det er lite håp om endring, då automatiserte tekstar ikkje finst på nynorsk og må lagast først.</p> <p>Mange legar er redde for å gå på jobb, og ifylge legeforeninga i Helse Møre og Romsdal vurderar 174 legar å slutte. Fleire kommunar har vedtatt å utsetje innføringa. Det vil gje mindre gevinst ved at kommune- og spesialisthelseteneste har felles system. Planen var at Helse Midt-Noreg skulle vere ein slags pilot, der Helseplattforma skulle innførast i heile Noreg. I mellomtida har Kjernejournal vakse fram som eit lovande alternativ til deling av opplysningar på tvers av både kommune- og regionsgrenser.</p> <p>Det kjem til å koste skattebetalarane dyrt å måtte drifta Helseplattforma framover. Helse Midt-Noreg vil vere åleine om blant anna testing, rutineutvikling, endringsønske og opplæringsmateriell. Noko som resten av spesialisthelsetenesta i stor grad samarbeider om. Dette gjeld også HelsaMi som tilsvarer helsenorge.no i resten av landet.</p> <p>Noregs Mållag ynskjer å støtte helsepersonell sitt ynskje om å skrote Helseplattforma.</p> <p>Vi oppmodar påtroppande helseminister Jan Christian Vestre til å setje seg i respekt ved å lytte til helsepersonell og pasientar i denne saka.</p>
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 3 røyster.

Nr.	7-2 A
Fremja av	Jon Samuel Håbrekke frå Fosna Mållag
Line	3
Framlegg	Ikkje som dei har fått med seg har den psykiske effekten at dei har fått med seg bildeskapande. Det må endrast til: Det verkar som gått glipp av... at vi har fått ei ny språklov.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist til fordel for 7-2 B

Fell til fordel for 7-2 B.

Nr.	7-2 B
-----	-------

Fremja av	Nemnda
Line	2-4
Framlegg	Nytt framlegg: Helseføretaka er underlagt språklova og lyt følgje henne.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøyistes vedteken.

Nr.	7-3
Fremja av	Kristofer Stavseng frå Oslo Mållag
Line	13-20
Framlegg	Korrekt og forståeleg kommunikasjon i helsevesenet er viktig, både internt og i møte med brukarane. Å kunne bli møtt med og bruke sitt eige språk skaper nærliek og tillit. Det er ei kvalitetssikring av kommunikasjonen. Difor må Helseplattforma finnast på nynorsk. Landsmøtet i Noregs Mållag står Volda kommune sitt krav om at plattforma må vere tilgjengeleg på nynorsk før ho blir tatt i bruk, og legg til grunn at Helse Midt-Noreg syter for at det blir varetatt før vidare utrulling.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samrøyistes vedteken.

Vedtak på heilskapen: Fråsegna er vedteken, mot 3 røyster.

SAK 7 Kunstig intelligens og digitale utfordringar for nynorsken

Erik Bolstad, sjefredaktør for Store norske leksikon, innleidde til saka.

Desse hadde ordet:

Nina Mork Brunvoll
Ragnhild Lier
Tobias C Eikeland
Sæmund Helde
Arvid Ellingsen
Turid Kjendlie
Synne Solberg
Fredrik Hope
Elisabeth H Kvalem

SAK 8 Personalressursar i organisasjonen

Espen Tørset, nemndssleiar og 1. vara til styret, innleidde til saka.

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	4
Fremja av	Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag
Økonomisak	Sak 8, Personalressursar i organisasjonen
Framlegg	<p>Noregs mållag vil greia ut om medlemskontakt og medlemsfinansiering kan gjerast på nye måtar i framtida. Ein kan truleg koma fram til tekniske løysingar i dag (mobilapp eller liknande) som kan omfatta både innbetalingar frå medlemer og spreiling av informasjon i samskipnaden.</p> <p>Innan det økonomiske kan ein tenkja seg at det kan vera rom for fleire typar innbetalingar:</p> <ul style="list-style-type: none">- årlege medlemspengar

	<ul style="list-style-type: none"> - ulike former for faste gåver - gåver til serskilde kampanjar eller tiltak - loddosal, krambu o.l. <p>Innan medlemskontakt kan ei slik løysing opna for mange ulike ting.</p> <ul style="list-style-type: none"> - fast felles informasjon til alle lag og medlemer - informasjon mellom medlemer innan eit lokallag eller fylkeslag - informasjon om lokale tilskipingar - organisering av ymse kampanjar (verving, røystingar m.m.)
Nemndsinnstilling	Tilrådd sendt over til styret

Vedtak: Innstillinga er samrøystes vedteken.

Helsingar

Erik Ulfssby frå Det Norske Teatret helsa til landsmøtet.

Desse hadde ordet:

Astrid Olsen - la fram endringsforslag på side 29.

Ane Landøy

Knut O. Dale

Einar Søreide

Gunnhild Skjold

Anne Lise Grøm

Einar Vårvik

Bjørg Karin Dysjaland

Nora Tangen Aarskog

Siv Katrin Ulla Hagala

Lars Fossaskåret

Magne Heide

Einar Schibevaag

Marie Morken

Erlend Bakke

Replikk - Peder Hauge

Henrik Elman

Stein Roar Kringeland

Fredrik Vonheim Heimsæter

Jon Låte

Lars Fossaskåret

Harald Jordal

Kari Østervold Toft

Ingrid Handeland

Replikk - Einar Schibevaag

Synnøve Marie Sætre
Øystein Skjærveland
Astrid Olsen

Espen Tørset oppsummerte ordskiftet.

Helsingar

Kjartan Helleve frå Fonna Forlag helsa til landsmøtet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet løyver lønsmidlar tilsvarende 50 % for Rogaland i ein prosjektperiode for tre år. Det tilsvarer 400 000 kroner i 2025 og 430 000 kroner i 2026.

Landsmøtet løyver lønsmidlar til Hordaland for å vere med å finansiere 60 % stilling. Det utgjer 270 000 kroner i 2025 og 290 000 kroner i 2026.

Det skal vere ei prosjektgruppe for kvar av stillingane der sentrallekken har éin representant.

Fylkeslaga og eventuelle andre samarbeidspartnarar avgjer sjølv samansetninga av prosjektgruppa elles.

Regionalt tilsette blir knytte til sentrallekken gjennom å bli inkluderte i dei ordinære stabsmøta kvar veke.

Arbeidsgjevaransvaret skal liggja anten hjå Noregs Mållag eller hjå andre samarbeidspartnarar som frå før har lønsarbeidrar.

Vedtak:

**Landsmøtet løyver lønsmidlar tilsvarende 50 % for Rogaland i ein prosjektperiode for tre år.
Det tilsvarer 400 000 kroner i 2025 og 430 000 kroner i 2026.**

Landsmøtet løyver lønsmidlar til Hordaland for å vere med å finansiere 60 % stilling. Det utgjer 270 000 kroner i 2025 og 290 000 kroner i 2026.

**Det skal vere ei prosjektgruppe for kvar av stillingane der sentrallekken har éin representant.
Fylkeslaga og eventuelle andre samarbeidspartnarar avgjer sjølv samansetninga av prosjektgruppa elles.**

Regionalt tilsette blir knytte til sentrallekken gjennom å bli inkluderte i dei ordinære stabsmøta kvar veke.

Arbeidsgjevaransvaret skal liggja anten hjå Noregs Mållag eller hjå andre samarbeidspartnarar som frå før har lønsarbeidrar.

SAK 9 Presentasjon av felles digitalt ressursområde for laga

Politikkrådgjevar Frida Pernille Mikkelsen presenterte saka for landsmøtet.

SAK 10 Økonomi

Dagleg leiar Gro Morken Endresen la fram økonomisakene.

Denne saka inneheld fire vedtakspunkt:

- 9.1 Endring i investeringsprofil for Fondet for norsk målreising
- 9.2 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2026–2028
- 9.3 Årspengar for 2026 og 2027
- 9.4 Budsjett for 2025 og 2026

9.1 Endring i investeringsprofil for Fondet for norsk målreising

Framlegg til vedtak:

Fondsmidelen skal plasserast på høgste rente i bank eller på anna sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing eller i fast eigedom eigd av Noregs Mållag. Noregs Mållag kan kvart år få overført ein pengesum tilsvarende om lag renta i pengemarknadsfonda, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag.

Vedtak:

Fondsmidelen skal plasserast på høgste rente i bank eller på anna sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing eller i fast eigedom eigd av Noregs Mållag. Noregs Mållag kan kvart år få overført ein pengesum tilsvarende om lag renta i pengemarknadsfonda, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag.

9.2 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2026–2028

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2026–2028 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 69–80 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.

Vedtak:

Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2026–2028 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 69–80 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.

9.3 Årspengar for 2026 og 2027

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	1a
Fremja av	Oslo Mållag
Økonomisak	Årspengar
Framlegg	Årspengane for 2026 og 2027 blir sette til 340 kroner i ordinær sentralsats.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist, til fordel for 1b

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Nr.	1b
Fremja av	Nemnda
Økonomisak	Årspengar
Framlegg	Årspengane for 2026 blir sette til 330 kroner og årspengane for 2027 blir sette til 340 kroner i ordinær sentralsats.
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er samråystes vedteken.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årspengane for 2026 og 2027 blir sett til 330 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner.

Vedtak:

Årspengane for 2026 blir sett til 330 kroner i ordinær sentralsats og årspengane for 2027 blir sett til 340 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner.

9.4 Budsjett for 2025 og 2026

Desse hadde ordet:

Gro Morken Endresen
Svein Kostveit
Astrid Olsen
Synne Solberg
Birgitta Lim Ersland
Åsmund Kvifte
Einar Schibevaag
Kristofer Olai Ravn Stavnseng

Innstilling frå redaksjonsnemnda, til vedtak sundag:

Nr.	2
Fremja av	Oslo Mållag
Økonomisak	
Framlegg	Landsmøtet ber om at det til landsmøtet i 2026 blir presentert ei utgreiing om alternativ til dagens medlemspengeordning. Utgreiinga skal også sjå på alternativ til finansiering av lokal- og fylkeslag, til dømes om ei kriteriefordeling eller andre alternativ er meir føremålstenleg enn eigne satsar.
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot 13 røyster.

Nr.	3
Fremja av	Sogn og Fjordane Mållag, Oslo Mållag, Vikværingen, Vindafjord Mållag og Eline Bjørke frå Lærarmållaget
Økonomisak	Budsjett, Punkt 9.4
Framlegg	Både 2025 og 2026 Org. tiltak - 10 000 Seminar, konf. - 10 000 Løyving NMU + 20 000
Nemndsinnstilling	Tilrådd vedteke

Vedtak: Innstillinga er vedteken, mot éi røyst.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2025 og 2026 som er lagde fram med årsresultat på 190 000 kr og 0 kr.

Vedtak:

Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2025 og 2026 med dei endringane som er vedtekne om årspengar og auka løyving til Norsk Målungdom.

SAK 11 Norsk i høgare utdanning

Statsråd for forskning og høgare utdanning, Oddmund Løkensgard Hoel, innleidde

Desse hadde ordet:

Synnøve M Sætre

Ingrid Handeland

Åsmund Kvifte

Espen Tørset

Henrik Elman

Astrid Olsen

Stina R Strøm

Nora T Aarskog

Magritt J Grimstad

Arne Exner Nakling

Magne Heide

Dordi B Lerum

Magne Wiggo Høyland

Tobias C Eikeland



SAK 12 Fire seminar

Utsendingane fekk delta på kvart av desse fire kortseminara:

A Aktiv oppfølging av barnehagar og skular v/ Helen Johannessen, leiar i Austmannalaget

B Språkkafear. Gode tips og råd ved Nils Ulvund, leiar i Sunndal Mållag

C Inspirasjonsdag for lærarar. Gode råd og tips ved Ellinor Bergli Bustad, leiar i Skaun Mållag

D Vervearbeid. Alle kan bli ein verver ved Live Havro Bjørnstad, nestleiar Bergen Ungdomslag Ervingen

Peder Lofnes Hauge delte ut nynorskstipend til Øygunn Leite Kallevik i Medisinsk Mållag.

SAK 13 Val

Valnemndsleiar Øyvind Fenne innleidde til val av styre. Leiar Peder Lofnes Hauge la fram innstillinga på ny valnemnd for 2024–2026 og revisor for 2024 og 2025.

Denne saka innehold tre vedtakspunkt:

- 14.1 Val av styre
- 14.2 Val av valnemnd
- 14.3 Val av revisor

14.1 Val av styre

Innstilling frå valnemnda til styre for 2024–2026:

leiar	Peder Lofnes Hauge	attval
nestleiar	Live Havro Bjørnstad	NY
styremedlem	Kjetil Aasen	attval
styremedlem	Espen Tørset	opprykk frå vara

styremedlem	Gunnhild Skjold	NY
styremedlem	Monika Haanes Waagan	NY
styremedlem	Ein representant vald av NMU	
1. vara	Synnøve Marie Sætre	ned frå fast plass
2. vara	Tommy Tverdal	NY
3. vara	Silje Nathalie Luvåsen	NY
3. vara	Jorunn Simonsen Thingnes	NY

Vedtak: Styremedlemene er valde med akklamasjon.

14.2 Val av valnemnd

Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2024–2026:

leiar	Marit Aakre Tennø (NY)
medlem	Birgitta Lim Ersland (attval)
medlem	Ola Haugen Havrevoll (opprykk frå vara)
medlem	Fredrik Heimsæter (NY)
medlem	ein representant blir vald av NMU
1. vara	Inger Johanne Sæterbakk (NY)
2. vara	Anders Riise (NY)
3. vara	Eline Bjørke (NY)
1. vara	blir vald av NMU
2. vara	blir vald av NMU

Desse hadde ordet:

Atle Brandsar
 Inger Johanne Sæterbakk
 Til saksførehavinga - Jørgen G. Bosoni

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Marit Aakre Tennø til leiar for valnemnda, med Birgitta Lim Ersland, Ola Haugen Havrevoll og Fredrik Heimsæter som faste medlemer. Varafolk er i nummerert rekjkjefølgje Inger Johanne Sæterbakk, Anders Riise og Eline Bjørke.

Framlegg til vedtak frå Atle Brandsar, Rogaland Mållag:

Einar Schibevaag blir vald som 1. vara, og dei andre på varalista rykkjer nedover 1 plass. Eline Bjørke går i tilfelle ut av varalista.

Vedtak:

Landsmøtet vel Marit Aakre Tennø til leiar for valnemnda, med Birgitta Lim Ersland, Ola Haugen Havrevoll og Fredrik Heimsæter som faste medlemer. Varafolk er i nummerert rekjkjefølgje Inger Johanne Sæterbakk, Anders Riise og Eline Bjørke.

1. vara vart vald ved skriftleg røysting med 102 røyster til Inger Johanne Sæterbakk og 27 røyster til Einar Schibevaag. Dei andre plassene vart valde med akklamasjon.

14.3 Val av revisor

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS til revisor for rekneskapsåra 2024 og 2025.

Vedtak:

Landsmøtet vel Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar AS til revisor for rekneskapsåra 2024 og 2025.

Vedlegg

1 Leiartalen

Gode landsmøte

“Eg vel å sjå denne pristildelinga som ei tildeling til den litteraturen som fyrt og sist vil vera litteratur, utan å ta andre omsyn. Og ikkje minst vel eg å sjå pristildelinga som ein pris til nynorsken og til den nynorske målreisinga. Anten eg vil eller ei, må eg i sannings namn takka nynorsken for prisen.”

Det kjennest naturleg å opne denne landsmøtetalen med orda til den store forfattaren frå vesle Strandebarm. Når heile verda såg til han, såg han til alle dykk som sit i salen her. Alle som over lang tid har stridd for saka. Til den organiserte målrørsla. Til oss og til språket vårt.

Då Noregs Mållag samla seg til landsmøte på Gardermoen for to år sidan, hadde vi det høgste medlemstalet sidan 1985. Når vi no møtest i Trondheim, har vi igjen sett medlemsrekord. Der vi i 2021 hadde 15483 betalande medlemer, hadde vi i fjor 15 682 medlemer. Saman med Norsk Målungdom er den organiserte målrørsla godt over 17 000 medlemer. Vi er ei stor politisk kraft. Vi er ei brei, nasjonal folkerørsle.

Heilt ekstraordinære hendingar som Framstegspartiet sin FUCK NYNORSK-kampanje og Jon Fosse sin Nobelpris gjer at medlemer strøymer til mållaget, men la det ikkje vere tvil: Medlemsveksten dei siste åra er først og fremst eit resultat av systematisk og godt vergearbeid, både på skrivarstova, i styret, og ute i laga. Folk kjem til mållaget fordi dei ser at eit større mållag er den beste garantien for betre kår for nynorsken og nynorskbrukarane.

I arbeidsprogrammet har vi vedteke eit ambisiøst mål: “Vekst i medlemstalet kvart år”. Vi skal få fleire medlemer, og fleire medlemer skal bli aktive. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogleg for oss å stille meir makt bak dei politiske krava våre – slik at vi igjen kan få større gjennomslag.

Ikkje alle utanfor rørsla forstår at vi må vinne alle medlemene våre på nytt kvart år. Kvar 1. januar byrjar vi med blanke ark. Det gjer medlemstalstrenden dei siste åra meir imponerande. Somme fell frå, somme melder seg ut, mange nye kjem til. *Skogen stend, men han skifter sine tre* som Olav H. Hauge sa det. Dei fleste trea i nynorskens skog står heldigvis støtt og samlar årringar. I tre år på rad har vi enda på over 15 000 betalande medlemer. I dag, den 19. april, har vi allereie 14 604 betalande medlemer. I juni i fjor hadde vi til samanlikning 13 158. Og då sette vi medlemsrekord.

Difor, gode landsmøte, vågar eg å spå at dersom *de* blir med og gjer ein verveinnsats i år, så set vi endå ein medlemsrekord i 2024. I år er året Noregs Mållag passerer 16 000 medlemer!

* * *

Dei siste to åra har vi jobba godt for å setje det nye arbeidsprogrammet vårt ut i livet. Vi har vunne små og store sigrar, men vi har òg gått på nederlag. Målreising er i sanning fest og strid om kvarandre.

Den største festen av dei alle var Fosse-festen. Ein elles kald og sur haust blei ei einaste lang Fosse-feiring! Då dei kvite dørene med gullkarmar i Svenska Akademien gjekk opp, 5. oktober 2023, var det ikkje berre forfattaren Jon Fosse som fekk lyset på seg. Rampelyset vart også peika mot det vesle, men kraftfulle språket nynorsk.

At Jon Fosse fekk Nobelpisen i litteratur var stort både for nynorsken, Noreg og verda. Det syner at nynorsk også er eit verdsspråk for den verkeleg store litteraturen. Det var viktig for språket vårt at forfattaren sjølv takka nynorsken og den nynorske målreisinga for prisen.

Men prisen er viktig også for minoriets- og mindretalsspråk i heile verda. Litteratur og kultur skal ikkje dømast ut frå storleik eller talet på språkbrukarar, men ut frå kvar dei kjem frå og kva dei fortel oss. Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange språka som er under press frå språk med fleire eller mektigare brukarar.

Arbeidet vårt for nynorsk er ein del av ei brei internasjonal rørsle for å tryggje og styrke utsette språk. Den nynorske målreisinga er vårt tilskot til det globale språkmangfaldet!

Eg var heldig, og fekk delta på seremonien og banketten i Stockholm i desember, saman med dagleg leiar på mållaget, Gro Morken Endresen. Det var useieleg stort. No skal eg ikkje røpe for mykje om landsmøtemiddagen i morgen kveld, men det blir neppe trompetfanfare for kvar skål på bordsetet. Mange var interesserte og nysgjerrige på nynorsken, Fosse og folkedraktene våre. To bunader blant privilegerte pingvinar i kjole og kvitt. To vestlendingar blant den ypparste svenske samfunnsseliten. Tett på svenskekongen og nynorskkongen: den lågmælte, stille hovudpersonen. Vår eigen Jon Fosse.

Det kjendest nesten uverkeleg å vere ein del av denne feiringa, men på same tid: Det var i sanning både rett og verdig at Noregs Mållag var til stades der det skjedde, då det skjedde.

* * *

Tidlegare i april inviterte Fredrik Solvang til nynorskdebatt i NRK Debatten, i beste sendetid. *Kor lenge skal vi bere havre til ein daud hest*, spurte han. Det blei for så vidt ein grei debatt, og nynorsklaget vann. Klårast av alle var kanskje Ingrid Handeland frå Juristmållaget som er utsending på dette landsmøtet. Ho deltok i ein duell mot advokat Torstein Bø om nynorsk som lovspråk. Den kom ho sigrande frå, for å seie det forsiktig. Premissen om at alt går åt skogen for nynorsk, er ei vanleg og utbreidd misforståing – som vi må gå i rette med.

Det har aldri vore lettare å vere nynorskbrukar enn i dag – i alle fall utanfor det digitale klasserommet.

Det har aldri blitt skrive så mykje nynorsk litteratur som i dag.

Den politiske og kulturelle aksepten for nynorsk er større enn nokon gong. Sjølv om skulemålsprosenten går noko ned, så er ikkje det først og fremst eit uttrykk for at nynorsken blir vald vekk. Det handlar om demografi og større straumdrag i samfunnet. Det blir fleire bokmålsevar når fleire flyttar til og rundt dei store bokmålsbyane.

Haldningane til nynorsken blir betre. Den urbane motstanden mot språket vårt er vesentleg mindre enn for berre ti-femten år sidan. Mållaget er i vekst – og på mange måtar har vi vind i segla.

Men det er eit stort men.

På ein del område er vi likevel langt unna at det er *like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar – særleg i den digitale kvarldagen, i klasserommet og samfunnet elles*.

I fjar kom det ei undersøking som viste at kvar sjette nynorskbrukar har fått negative tilbakemeldingar på at dei skriv nynorsk, berre det siste året. For dei under tretti år gjeld det kvar fjerde.

Staten gjer seg jamleg skuldig i språklovsbrot, og sårbare nynorskelever får ikkje digitale læremiddel og læringsressursar på språket sitt.

Den digitale utviklinga set språket vårt og dialektane våre under press. Det heiter ikkje “eg” no lenger – på internett heiter det “jeg”. Den smarte teknologien som skal gjere liva våre enklare, gjer ting vanskelegare. Det hjelper ikkje med talestyrt teknologi om han ikkje forstår talemåla våre.

Vi reknar at rundt 12 prosent av folk i Noreg har nynorsk som sitt skriftspråk. På papiret er det eit språk med mange rettar og godt vern, men kvar sjette nynorskbrukar har det siste året fått negative tilbakemeldingar på språket sitt. Det er ikkje smertefritt å vere brukar av eit mindretalspråk i Noreg. Fleirtalsspråket, bokmål, har alltid tyngdekrafta med seg.

Vi veit no at verdas beste litteratur blir skiven på nynorsk. Vi veit også at det ikkje betyr at livet som nynorskbrukar blir mykje betre. Eg håpar prisen kan setje lys på dei utfordringane vi må løyse saman, i skuggen av Fosse. Det må vere lov å håpe at nynorsken opplever ein stor og varig Fosse-effekt i åra som kjem. Dei verkeleg store orda om nynorsken sat laust i eit samla politisk miljø då prisen vart annonser. I spissen stod statsminister Jonas Gahr Støre og kulturminister Lubna Jaffery.

Det er eit politisk ansvar å jamne ut det skeive tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Difor har vi sagt at Noreg treng ein **nasjonal strategi for jamstilling av dei to norske språka**. Ein slik strategi må ha konkrete tiltak for å styrke og fremje nynorsken, med måltal og ein truverdig veg til målet. Nett slik regjeringa la fram ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademia. Slik kan styresmaktene verkeleg heidre prisvinnaren!

Det kanskje sterkaste med heile hausten i fjar var alle nynorskbrukarane som kunne rette ryggen og vere stolte av språket sitt. Vi var mange som trong det. Og mange som fortente det. For å seie det med Tarjei Vesaas: *Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikking for Jon Fosses skuld*.

* * *

Opplæringslova er ei vel så viktig språklov som språklova.

Frå og med skulestart denne hausten tek den nye opplæringslova til å gjelde på norske skular. Det er få saker vi har jobba så grundig, systematisk og omfattande med som denne lova. Då Stortinget banka gjennom lova, hadde vi vunne store og viktige sigrar,

men vi måtte også konstatere at vi ikkje kom i mål med alt vi ville.

Det første først: Språkdelt ungdomsskule har no blitt nasjonal politikk!

Ungdomsskuleelevar har no fått ein lovfesta rett til å gå i eigne nynorskklasser. Det er verkeleg ikkje kvar dag vi får nye lovfesta rettar som er så viktige for nynorskelevane. I språkblanda område vil dette kunne motverke språkbyte frå nynorsk til bokmål, og sikre ei kvalitativt betre lese- og skriveopplæring. Eg vil både gratulere og takke alle i Mållaget som har jobba utrøytteleg med saka over fleire år.

For ti år sidan inviterte Noregs Mållag til nasjonalt haustseminar i Ungdomshallen i Odda. I ein tradisjonsrik møtesal med utskjeringar og måleri på veggane, og høgt under taket, stilte vi spørsmålet: Kan Odda-modellen bli nasjonal politikk? No står det svart på kvitt i lova.

Vi fekk også gjennomslag for at skriveprogram må ha nynorsk stavekontroll for å vere lovlege å bruke i skulen. Vi tvinga Google til å lære seg nynorsk! I dag er nynorsk stavekontroll anten mangelfull eller fråverande. Mange elevar får rauda strekar under nynorske ord dei har skrive rett. Det er ein skulepolitisk skandale – som no blir rydda opp i, takka vere Noregs Mållag.

Det verkeleg store problemet i norske klasserom er at 73 000 sårbare nynorskelevar sit ved pultane sine og har ein digital skuledag som i alt for stor grad går føre seg på bokmål. I ei tid der meir og meir av opplæringa skjer på skjerm, blir denne trenden forsterka. Årsaka er enkel: mangelen på digitale lærermiddel og læringsressursar på nynorsk.

Der lærermiddel i utgangspunktet har krav om nynorskversjon, har ikkje såkalla læringsressursar dette. Det er høgst problematisk når vi veit at det er nettopp alle desse læringsressursane; appar, spel og program, som dominerer i klasserommet. Lærermiddelpusentane kjenner lova og unngår nynorskkravet medvite: Dei lagar heller fleire mindre læringsressursar enn dei store, heilskaplege lærermiddelverka. Dei bryr seg då ikkje om nynorsk, dei bryr seg om pengar!

Vi kravde at digitale læringsressursar som er utvikla spesifikt for å bli brukte i skulen, måtte finnast på nynorsk. Det fekk vi ikkje. Det er ikkje til å forstå.

Det lengste Stortinget – med regjeringspartia i spissen – kunne strekkje seg, var å gjennomføre ei kunnskapsinnhenting for å finne ut kor stort problemet vi varsla om, faktisk er. Deretter skal regjeringa kome tilbake til Stortinget. I mellomtida misser nynorskelevane verdifull læring. Dei kunne berre høyrt etter når vi snakka til dei.

Vi veit korleis stoda i nynorske klasserom er. Vi hører det fortvilte ropet frå elevar, foreldre, lærarar og rektorar i nynorskkommunane.

Som leiar i Mållaget blir eg ikkje berre fortvila, eg blir forbanna rasande. Det er offisiell norsk språkpolitikk at det offentlege aktivt skal fremje nynorsk. Det minst brukte språket må bli favorisert for å jamne ut dei skeive tilhøva mellom språka våre. Men her ber vi ikkje om særtiltak. Vi ber om likeverd!

Nynorskelevane er ikkje andrerangs-elevar, men styresmaktene vil ikkje gje dei like kår. Argumentasjonen deira er både lettbeint og vikarierande, og full av logiske brestar. Det er som dei ikkje veit kva dei snakkar om.

Men det gjer vi. Og vi har massiv støtte bak krava. Frå norske kommunar, organisasjonar som Utdanningsforbundet og statens eige fagorgan for språkspørsmål, Språkrådet.

Gode landsmøte, vi skal følgje denne saka heilt til mål. Vi gjev oss ikkje før nynorskelevane får ein fullverdig skulekvardag på nynorsk – også i heildigitale klasserom!

* * *

Det er kjekt å møte dykk her i Trondheim denne helga. Ivar Aasen fekk stipend av Vitenskapsselskapet i denne byen, og det var dette stipendet som gjorde det mogleg for han å leggje ut på si fyrste innsamlingsreise i 1842, berre 29 år gammal. Finansieringa frå Trondheim endra norsk språkhistorie.

«Vi kann ikkje lata vestlendingne vera aaleine um verket...» var ei oppmoding i avis Den 17de Mai då naumdølingane kalla i hop til skipingsmøte nokre år seinare. Det er ein del av trøndersk målsøge at ein har kivast med vestlendingane, likevel vi har også stått saman i målstriden. Ein av styremedlemene som vart valt på skipingsmøtet til Noregs Mållag i 1906, var frå Trøndelag, og de har stilt mange leiarar og styremedlemer i åra etter. Så det er ein lang tradisjon Espen Tørset står i, når han no stiller til val som styremedlem her i salen på sundag.

Nestleiar Synnøve Marie Sætre representerte Noregs Mållag her i Trondheim så seint som i mars. Då gav vi målblome til Åge Aleksandersen for å ha gjort trøndersk til hjartespråket og brøytt veg for nye generasjonar av dialektbrukarar.

Vi må alle sjå og høyre dialekter rundt oss i kvardagen, både for å bli trygge i eigen dialektbruk, og fordi det gjev taalemålet status. Trøndermål og Trondheim vil vere ei fin ramme rundt årets landsmøte i Noregs Mållag.

Eg er overtydd om at vi skal få ei interessant og innhaldsrik helg saman. Der landsmøtet for to år sidan var eit svært intensivt “arbeidslandsmøte” med revisjon av både arbeids- og prinsipprogram, trur vi årets landsmøte har ein betre balanse mellom politikk og kultur – og at vi kan få litt meir tid til å vere sosiale i lag. Ein skal ikkje undervurdere kor viktig det er.

Vi skal vedta fråseigner, sjå på personallressursane i laget, og vonleg reise frå Trondheim med meir innsikt i og kunnskap om kunstig intelligens og språkteknologi. Det vil vere eit hovudtema for årets landsmøte – i tråd med prioriteringane i arbeidsprogrammet vi arbeider etter. Der er *digitalisering* og *språkteknologi* ei av fem prioriterte saker. I styret si fråsegn til landsmøtet om same tema ber vi mellom anna om ein handlingsplan for norskspråkleg digitalisering – vi må raskt gjere den digitale kvardagen til vår.

Utviklinga av språkteknologisk programvare, læringsverktøy, læremiddel og anna programvare har i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Det er viktig å leggje politisk press på dei store selskapa, og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknologi i Noreg.

Om vi skal klare å leggje eit slikt press, må vi vite kva vi snakkar om. Vi må forstå korleis digitaliseringa av samfunnet påverkar språket vårt, og vi må søkje løysingar som gjer det like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar – også på internett.

Norsk i høgare utdanning er ei svært viktig sak. Det var det også på lærarskulen i Levanger for 130 år sidan. Då var det fleire av lærarstudentane som ønskte å skrive norsk – altså landsmålet ved eksamen. Det var sendt brev til departementet med spørsmål om dei fekk lov til å gjere det. Svaret lét vente på seg (ikkje ulikt dagens byråkrati) og det vart purra på svar utan at dei høynde noko. I den 17de mai kan vi lese at studentane møttest kvelden før eksamen. Dei drøfta situasjonen og før dei skildest den kvelden, hadde alle teke kvarandre i handa på at dei skulle skrive nynorsk dagen etter. Slik vart det. Og eksamenen vart godkjend og vart ståande, og dermed hadde dei første studentane i Noreg skrive eksamen på nynorsk i høgare utdanning.

Det er ei lang linje frå desse studentane i Levanger til statsråd Oddmund Hoel som står på talarstolen her på landsmøtet i morgen og skal snakke om norsk i høgare utdanning. Like viktig i dag som då for 130 år sidan.

* * *

I år feirar vi Landslovjubileet. Det er 750 år sidan kong Magnus Lagabøte stod i spissen for å vedta ei rikslov for Noreg. Det var eit særsyn i si tid, og landslova fekk mykje å seie for korleis ein handerte usemjø, og ho gav fleire grupper i samfunnet eit betre rettsvern. Lova prega si eiga tid, og har sett merke heilt fram til vår tid. «Med lov skal landet byggast» er dei kjende orda frå Frostatingslova her frå Trøndelag, nokre få år før kong Magnus Lagabøte laga landslova. I dag er det Grunnlova som er den høgste og viktigaste lova i Noreg. Ho gjev også retning og vil prege vår tid og framtida.

Ei av fråsegnene vi skal handsame, handlar om eit tema som eg trur vil prege mållaget i fleire år frametter. Nemleg arbeidsprogrampunktet vårt om “grunnlovsfesting av jamstillinga mellom nynorsk og bokmål”.

210 år etter at Noreg fekk si eiga grunnlov og ti år etter at Grunnlova kom i ein nynorsk versjon, er det på tide å grunnlovsfeste at norsk skal vere det nasjonale hovudspråket i Noreg. Heile det norske språket, med jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, må sikrast i den viktigaste lova vi har.

Det er slik med grunnlovsframlegg, at det må vere eit val mellom framlegg og handsaming. Slik skal veljarane kunne vite kva grunnlovsframlegg som ligg klare til handsaming, når dei går til valurnene. Difor håpar vi at det blir levert eit grunnlovsframlegg innan fristen i år – slik at det neste Stortinget kan ta ballen i mål.

I ei globalisert verd treng norsk språk eit sterkare vern enn før. Det er mange land som ser dette. 148 land i verda har grunnlover som inneholder føresegner om nasjonal språk, 97 land har føresegner som på ulike måtar vernar språkbruk.

Dei siste åra har Stortinget gjort mykje for å oppdatere Grunnlova, med mellom anna ei rekje menneskerettslege føresegner. Det er i dag meir vanleg at statar omtalar språk i grunnlovene sine, enn at dei ikkje gjer det. Ei grunnlovsfesting av statusen til det norske språket, medrekna jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, vil vere ei modernisering av Grunnlova. Det er moderne å vere fleirspråkleg.

Ei grunnlovsfesting vil gje den formelle likestillinga mellom nynorsk og bokmål ein sterkare og tydelegare rettsleg status. Det vil vere viktig særleg for nynorsken, som det minste av dei to norske skriftspråka. Det gjeld også den symbolske statushevinga som ligg i ei grunnlovsfesting.

Gode landsmøte,
eg trur det vil krevje ein del av oss om vi skal lukkast med dette. Men vi har klart store ting før. I tida som kjem, er vi avhengige av at mange nok snakkar om dette. Ta kontakt med partigrupper, skriv lesarbrev, set dagsorden!

I første omgang må vi få nokon til å fremje forslaget. Målet vårt er å få ein representant for kvart parti til å stille seg bak. Då står framleggset stødigare gjennom valet. Kanskje kan vi offentleggjere eit grunnlovsframlegg på Nynorskdagen 12. mai i år, som ei markering av jubileet for jamstillingsvedtaket i 1885. Det ville verkeleg vore den draumen.

* * *

Gode, landsmøte,

Det er stor vilje til strid i mållaget. Vi arbeider etter eit offensivt arbeidsprogram som viser korleis vi kan gjere det like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar.

Vi som er aktive i mållaget i dag, står på skuldrene til kvinner og menn som har stridd for målsaka før oss. Vidare vekst og vinning for nynorsken skal kome med oss. Då er det godt at vi stadig blir fleire. Takk for merksemda, og godt landsmøte!

2 Vedtekne fråseigner

Fråsegn 1 Oppfølging av opplæringslova

Den nye opplæringslova forsterkar dei digitale utfordringane for nynorskelevane. Mange nynorskelever har ein digital skulekvardag der bokmål dominerer. Det går utover kvaliteten på lese- og skriveopplæringa, og bryt retten til opplæring på eige språk.

Storparten av appar og program elevane brukar på skulen, er ikkje rekna som læremiddel, men som mindre læringsressursar. Dei fell såleis utanom kravet om språklege parallelversjonar. Då Stortinget i fjar vedtok ny opplæringslov, var eitt av hovudkrava frå ei samla målrørsle at det skulle vere krav om nynorskversjon av digitale læringsressursar som er utvikla for bruk i skulen.

Mållaget fekk ikkje gjennomslag, men regjeringa fekk i oppdrag frå Stortinget å gjennomføre ei kunnskapsinnhenting om omfanget av digitale læringsressursar som ikkje finst på nynorsk. Utdanningsdirektoratet (Udir) har fått oppdraget frå Kunnskapsdepartementet, og skal levere rapporten først i desember 2025.

Ein slik rapport må vise kor mykje nynorsk nynorskelevane får sjå og lese gjennom ein skuledag. Det blir avgjerande å hente innspel frå lærarane, som ofte er dei som plukkar ut og vel

materiell, ressursar og læremiddel. Dei veit også korleis desse vert brukte i klasserommet. Det er nynorskelevane som kan seie noko om korleis dei opplever ein skulekvardag med læringsressursar på bokmål. Nynorskelevane si stemme må bli høyrt og deira beste må bli tillagt vekt i avgjerda, slik at nynorskelevane får oppfylt retten til opplæring på eige språk.

Noregs Mållag meiner Udir i denne samanhengen bør lage ei kvalitetssikra liste over godkjende læremiddel/ læringsressursar/ læringsplattformer som finst på både nynorsk og bokmål.

Det må òg gjerast ei utgreiing av digitale læringsressursar for lærlingar. I dag tilsavarer slike ressursar i stor grad lærebøkene på mange lærefag, og mange av desse kurspakkane er utvikla av Norsk Industri. Opplæringskontor i nynorskområda Haram og Nordfjord opplyser at hovudregelen er at desse berre finst på bokmål. Nynorskbrukande yrkesfagelevar og lærlingar skal ha like god språkopplæring som bokmålsbrukarane.

Landsmøtet i Noregs Mållag ventar at det blir gjort eit raskt, men grundig arbeid, slik at den reelle situasjonen i klasserommet kjem fram. Når situasjonen er kartlagd, ventar vi at regjeringa og Stortinget sørger for å lovfeste nynorskkravet så fort som råd er. Sårbare nynorskelevar har allereie mista verdifull tid på rikspolitisk sommel.

Fråsegn 2 Ja til digital språkleg likestilling

Det må vere like lett å vere nynorskbrukar som bokmålsbrukar – også på internett.

Språklova slår fast at nynorsk og bokmål er likestilte skriftspråk i Noreg. I den digitale verda er dette langt ifrå tilfelle. I skulen får nynorskelevane digitale læremiddel på bokmål, både offentlege etatar og private bedrifter tilbyr oss å skrive til robotar som ikkje forstår nynorsk når vi treng hjelp frå dei, og få av dei teknologiske hjelpe midla vi er omgitt av i kverdagen, forstår dialekt eller snakkar god nok nynorsk. Nynorsk og bokmål er likestilte språk i det norske samfunnet, og må også ha like vilkår i den digitale verda.

Ansvaret for den digitale språklege likestillinga ligg hos den nye digitaliseringsministeren, Karianne Tung (Ap). Noregs Mållag forventar at ho og departementet hennar sørger for at den digitale utviklinga også er nynorsk, og byggjer ein god norskspråkleg infrastruktur til all ny teknologi som blir utvikla.

Nasjonalbiblioteket har ansvar for Språkbanken, som samlar store datasett med norsk tekst og tale. Det er desse som utgjer denne infrastrukturen. Tilfanget av nynorsk, som det minst brukte av dei to norske språka, er dårligare enn for bokmål. Det er svært viktig at Språkbanken får dei ressursane som trengst for å kunne fylle banken med nynorsk tekst og tale, og på den måten legge til rette for ei reell digital språkleg jamstilling.

Nynorskbrukarar har rett på svar på eige språk når vi kommuniserer med staten. Digitaliseringsministeren må også sjå til at vi få svar på eige språk når vi kommuniserer gjennom tekst og tale i den digitale verda. Noregs Mållag krev ein handlingsplan for norskspråkleg digitalisering. Det må vere ei konkret gjeremålsliste med tiltak som raskt gjer den digitale kverdagen betre.

Kunstig intelligens og språkmodellar kjem til å påverke den språklege kverdagen vår. Gjeremålslista må innehalde punkt for korleis KI og språkmodellar kan bli nytta for å styrke

nynorsken. Det må vere eit mål at språkmodellar som blir utvikla for skulen, følgjer offisiell rettskriving.

Dei store multinasjonale selskapa sit med stor makt over språkutviklinga i Noreg, både i klasseromma og samfunnet elles. Det er avgjerande viktig at styresmaktene tryggjar norsk språk i offentlege innkjøp. Om ikkje ein leverandør kan lage programvare som står både bokmål og nynorsk, kan dei ikkje få innpass på marknaden hos offentlege.

Fråsegn 3 Lærarutdanningane må ta språkansvar

Lærarutdanningane skal utdanne lærarar for heile landet, og då må alle lærarstudentar, uavhengig av fag, rustast til å vere lærarar i nynorske klasserom. Lærarutdanningane er avgjerande både for at framtidige nynorskelevar får ei god opplæring og for at ein skal kunne oppnå ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål.

I november lanserte Språkrådet ein rapport om norsk, og særleg nynorsk, i lærarutdanningane. Rapporten slår fast at lærarstudentar utan norsk i fagkrinsen som skal bli lærarar og som ikkje tek utdanning innanfor norskfaget, svært sjeldan får vurdert nynorskkompetansen sin i løpet av utdanninga.

Rapporten viser òg at fleirtalet av uteksaminerte lærarstudentar har utdanninga si frå lektorutdanning eller praktisk pedagogisk utdanning (PPU). Dette er utdanninger der rammeplanen, i motsetnad til grunnskulelærarutdanningane, ikkje stiller krav om nynorskkompetanse hjå studentane. Resultatet er at nynorskelevane som skal ha opplæring på skriftspråket sitt i alle fag, får nyuttanna lærarar som ikkje er trygge i å skrive eller undervise på nynorsk.

Mållaget har gjennom mange år peika på at utdanningsinstitusjonane må gje lærarstudentane ei betre opplæring i nynorsk. Dei må òg få opplæring i nynorskdidaktikk, det å lære korleis dei kan lære elevane nynorsk.

Det blir ei viktig oppgåve for Oddmund Hoel (Sp) å få dette på plass. Den nye statsråden for forsking og høgare utdanning har brei kunnskap om feltet og bør bruke både kunnskapen og styringsretten sin til saman med lærarutdanningane å sørge for betre nynorskoplæring av lærarstudentane.

Mållaget meiner at:

- Norsk må vere obligatorisk fag på grunnskulelærarutdanninga 5–10.
- Rammeplanane for PPU og lektorutdanningane òg må stille krav til studentane sin nynorskkompetanse.
- Det må innførast ein nasjonal deleksamen i norsk i lektorutdanningane.
- Reglane for fritak frå sidemål i lærerutdanningene må strammast inn.
- Utdanningsinstitusjonar må sikre at lærarstudentar utan norsk i fagkrinsen vert rusta til å undervise på nynorsk.
- Nynorskdidaktikk må vere ein del av lærarstudentane si utdanning.

- Universitets- og høgskolerådet som rådgjevande organ lyt stilla krav til nynorskkompetanse i dei nasjonale retningslinjene til lærarutdanningane.
- Det må kome fleire tilbod om etterutdanning i nynorskdidaktikk
- Utdanningsinstitusjonane må synleggjere nynorsk på studiestadane.

Fråsegn 4 Nynorsk og bokmål må inn i Grunnlova

210 år etter at Noreg fekk si eiga grunnlov er det framleis ikkje grunnlovsfesta at norsk skal vere det samfunnsberande språket i Noreg. Dette er det på tide å gjere noko med.

For Noregs Mållag er det viktig at jamstillinga mellom nynorsk og bokmål blir sikra i Noregs viktigaste lov Grunnlova.

I ei globalisert verd treng norsk språk eit sterkare vern enn tidlegare. Det er mange land som ser dette. Ifølgje databasen Constitute finst det 148 land i verda med grunnlover som inneheld føresegner om nasjonalspråk. 97 land som har grunnlover med føresegner som på ulike vis vernar språkbruk.

Dei siste åra har Stortinget gjort mykje for å oppdatere Grunnlova, med mellom anna ei rekke menneskeretslege føresegner. Det er i dag meir vanleg at statar omtalar språk i grunnlovene enn at dei ikkje gjer det. Ei grunnlovsfestig av statusen til norsk språk, medrekna jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, vil vere ei modernisering av Grunnlova.

I den nye språklova, som tok til å gjelde i 2022, vedtok Stortinget at norsk skal sikrast som eit samfunnsberande språk, at jamstilling mellom nynorsk og bokmål skal fremjast, og at offentlege organ i Noreg har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk i kraft av å vere det minst brukte norske skriftspråket.

Denne språkpolitikken byggjer vidare på det historiske vedtaket Stortinget gjorde 12. mai 1885, der det gjekk inn for å jamstille «det norske Folkesprog» og «det almindelige Skrift- og Bogsprog», det som seinare vart nynorsk og bokmål. I 2024 kan vi feire runde jubileum for to viktige nynorskvedtak i nyare tid. For 50 år sidan, i 1974, vedtok Stortinget at lærebøker til bruk i skulen skulle kome til same tid og same pris. Dette vedtaket var avgjerande viktig for å sikre elevar retten til likeverdig opplæring i alle fag på nynorsk. For 10 år sidan, i 2014, vedtok Stortinget at Grunnlova skulle finnast i to jamstilte versjonar, ein på nynorsk og ein på bokmål. At det mest grunnleggjande dokumentet for staten Noreg då kom på nynorsk, var ein stor siger for nynorsken. Noregs Mållag oppmodar stortingspolitikarar – frå alle parti – som er samde med oss i at Grunnlova må få ei føresegn som seier noko om statusen til norsk språk, medrekna jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, om å vere med å levere eit slikt framlegg til endring av Grunnlova i år.

Fråsegn 5 Nynorsk for vaksne innvandrarar

Vaksne innvandrarar har ikkje same rett til lærermiddel på nynorsk som elevar i grunnopplæringa har. Difor kjem svært mykje av opplæringsmateriellet for denne gruppa berre på bokmål. Det er ni år sidan førre gong det vart løyvd midlar til lærermiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar over statsbudsjettet, og behovet for fleire digitale og trykte lærermiddel, ordbøker og tilleggs materiell på nynorsk er svært stort.

Signalet frå dei som driv vaksenopplæring på nynorsk, er at mangelen på lærermiddel på nynorsk gjer opplæringa svært krevjande. Etterslepet er stort, og med nye læreplanar på veg og med omlegging til modulbasert opplæring, vert behovet berre endå større.

Språk og inkludering heng tett saman. Det er ein stor fordel å lære språket som vert brukt der du bur, og mange stader er det å lære nynorsk i vaksenopplæringa også ein enklare inngang til det lokale talemålet. Forsking viser at innvandrarar som brukar det lokale språket, vert meir positivt mottekne både i lokalmiljøet og til dømes i jobbintervju.

Det er òg viktig at foreldre lærer det same språket som borna lærer i skulen. I dag er det berre kring halvparten av nynorskkommunane som gjev norskopplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar, og lærermiddelsituasjonen er den vanlegaste grunngjevinga for at mange nynorskkommunar ikkje gjer det.

Ifylgje språklova har alle offentlege organ plikt til å særleg fremje nynorsk. Dette gjeld òg i integreringspolitikken. Skal kommunane som driv norskopplæring for vaksne innvandrarar på nynorsk kunne halde fram med det, og fleire nynorskkommunar ta til med det, må det løyvast midlar til nynorske lærermiddel på alle nivå snarast.

Fråsegn 6 Hovudmålsreglane i opplæringslova treng snarleg opprydding

Den nye opplæringslova inneholder nye hovudmålsreglar, som kan få uheldige konsekvensar for nynorsken særleg i vidaregåande skule og ungdomsskulen.

Paragraf 15-2 i den nye lova, med overskrifta «Hovudmål på kvar skole», lyder slik:

«Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.»

I proposisjonen er det presistert at det som er vedteke som hovudmål for den enkelte skulen, anten nynorsk eller bokmål, er det som skal nyttast i undervisninga og i annan kontakt med elevane og foreldra.

I barneskulen er det i utgangspunktet eitt felles hovudmål for alle elevane i same skulekrins. Slik er det ikkje i ungdomsskulen eller vidaregåande skule. Dit kjem elevane til frå ulike skular med ulike hovudmål. Elevane har også moglegheit til å endre sitt personlege hovudmål når dei vil. Det må altså understrekast at dei enkelte skulane med nynorsk eller bokmål som vedteke hovudmål for skulen kan ha elevar med både nynorsk og bokmål som sine personlege

hovudmål. Det er altså to heilt forskjellige hovudmålsomgrep det er tale om. Noregs Mållag legg til grunn at eigne nynorskklasser skal få undervisning på nynorsk uavhengig av det vedtekne hovudmålet for skulen.

Mange av nynorskelevane held til i såkalla randsoner, dvs. område der både nynorsk og bokmål blir nytta utan at nynorsk er klart dominerande, og der erfaringa er at nynorsk er under press, og at mange elevar byter frå nynorsk til bokmål i vidaregåande skule eller ungdomsskulen.

Når den nye opplæringslova krev at det skal vedtakast eitt hovudmål for kvar vidaregåande skule og ungdomsskule, oppstår eit stort problem. Mange stader i randsonene vil det på den eine sida vera for politisk kontroversielt å vedta nynorsk som hovudmål, samstundes som det vil vera potensielt øydeleggjande med eit bokmålsvedtak for nynorskelevane på ein skule som får jamn tilførsel av nynorskelevar. Dette ser vi klart i den saka som gjeld vedtak om hovudmål for vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune, der det har skapt stor motstand at skular i Bergen skulle få nynorskvedtak. Denne situasjonen er ikkje drøfta eller teken stilling til av Kunnskapsdepartementet i samband med førebuinga av opplæringslova.

Dersom vidaregåande skular og ungdomsskular med jamn tilførsel av nynorskelevar skulle få bokmålsvedtak og tilhøyrande plikt til å bruka bokmål i undervisninga og all kontakt med elevane, vil det bryta kraftig med det ansvaret offentlege organ har etter føremålsparagrafen i språklova til å fremja nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket.

Noregs Mållag meiner det er naudsint å korrigera hovudmålsregelen så snart som råd, før fylkeskommunane og kommunane går i gang med å gjera hovudmålsvedtak for vidaregåande skular og ungdomsskular.

Det som trengst, er ein regel som fastset at vidaregåande skular og ungdomsskular kan ha både nynorsk og bokmål som hovudmål, og at det blir presisert at desse skulane har plikt til å bruka nynorsk på ein slik måte i undervisninga og i kontakt med elevane og foreldra at nynorskelevane og nynorsken kjem godt ut av det og møter skriftspråket sitt i kvardagen.

Noregs Mållag meiner at bokmålselevar kan ha stor nytte av å møta mest mogleg nynorsk i skulekvarden. Derfor er det gode pedagogiske og språkpolitiske grunnar til at det bør vera høve til å nytta nynorsk i undervisninga av elevar med bokmål som hovudmål, og opplæringslova må ikkje stå i vegen for dette. Men dersom nynorskelevar i randsoner berre skal møta bokmål, fryktar vi at vegen til språkbyte for mange av desse blir kort.

Kunnskapsdepartementet må ta tak i dette arbeidsuhellet og snarast råd få endra ein regel som i verste fall kan undergrava nynorsk som hovudmål i dei språkblanda områda i Noreg.

Fråsegn 7 Helseplattforma på nynorsk

Helse Midt-Noreg er i ferd med å innføre Helseplattforma utan at den er tilgjengeleg på nynorsk. Helseføretaka er underlagt språklova og lyt følgje henne.

Nynorsk og bokmål er dei to jamstelte skriftformene av det norske språket, der nynorsk er den minst brukte. Språklova, som har gjelde i over to år no, seier i føremålsparagrafen (§1) at offentlege organ skal ta «ansvar for å bruke, utvikle og styrke bokmål og nynorsk». Vidare seier

føremålsparagrafen at offentlege organ har «eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukar skriftspråket»

Helseleiarar og -byråkratar som arbeider for å innføre Helseplattforma fråskriv seg dette lovpålagnede ansvaret.

Korrekt og forståeleg kommunikasjon i helsevesenet er viktig, både internt og i møte med brukarane. Å kunne bli møtt med og bruke sitt eige språk skaper nærliek og tillit. Det er ei kvalitetssikring av kommunikasjonen. Difor må Helseplattforma finnast på nynorsk. Landsmøtet i Noregs Mållag står Volda kommune sitt krav om at plattforma må vere tilgjengeleg på nynorsk før ho blir tatt i bruk, og legg til grunn at Helse Midt-Noreg syter for at det blir varetatt før vidare utrulling.